



Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2025/1976-1

Saksbehandlar: Bernt Dahl

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
		Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling
		Formannskap
		Kommunestyret

Omklassifisering av Slettomsvegen

Saksutgreiing

På bakgrunn av Hovudplan Veg 2023-2030 vurderer Skjåk kommune omklassifisering av Slettomsvegen (3433 KV1036) frå kommunal til privat veg etter Veglova § 8 og gjeldande kommunale føreseigner for omklassifisering av vegar. Føremålet er å sikre ein ryddig og lik praksis der kommunale ressursar blir retta mot vegar med tydeleg allmennyttig funksjon, samstundes som vegar som i hovudsak tenar einskildbruk, privat næring, skogsdrift eller fritidsbusetnad kan overførast til privat forvaltning på ein trygg og føreseieleg måte.

Denne saka legg opp til:

- gjennomføring av høyring retta mot eigare og andre interessentar langs Slettomsvegen
- synfaring med tilstandsprotokoll og konkret tiltaks- og kostnadsliste før overtaking
- avklaringar i matrikkel og tinglysing av nødvendige rettar til veggrunn, snølagring og grøfter
- utføring av avgrensa førehandstiltak frå kommunen før overlevering. Særleg utbetring av Marlosøygardbrua og Skauta bru som både har registrerte manglar.

Bakgrunn og heimel

Omklassifisering frå kommunal til privat veg heimlast i Veglova § 8. Saka skal vurderast etter kommunen sine føreseigner for omklassifisering av kommunale vegar.

Føreseigner – kriterier og krav i Skjåk kommune

Føresegnene legg til grunn at kommunale vegar i utgangspunktet skal tene allmennyttige formål der det ligg kommunale reguleringsplanar. Kommunestyret kan omklassifisere veg som er:

- tilkomst til ei enkel industribedrift, eitt gardsbruk eller anna privat næringsverksemd
- vesentleg nytta til framdrift av skogvirke
- avkøyrsløse til einskildhus, bustadblokk, rekkehus eller einebustad i burettslag
- vesentleg berre tilkomst til hytte- og fritidsbusetnad

Kommunen kan setje vilkår om eigedoms- eller bruksrett til veggrunn med nødvendig plass for

snølagring, grøfter og andre innretningar, at veggrunn kan overdragast vederlagsfritt og fri for hefte, og at rettar skal sikrast ved tinglyst erklæring. Kommunen kan og fastsetje nærare reglar om befolkningsgrunnlag og veglengde.

Prosess og medverknad

- Høyring: Brev til eigedomar/interessentar langs Slettomsvegen og publisering på kommunen si nettside.
- Synfaring med tilstandsprotokoll: Felles synfaring mellom kommunen og partane for å dokumentere tilstand og identifisere nødvendige tiltak før overlevering.
- Matrikkel og rettar: Rydding og justering i matrikkel der det er behov. Tinglysing av nødvendige rettar før overlevering.

Faktagrunnlag som skal innhentast

1. Eigarskap: gards- og bruksnummerliste og kartutsnitt. Avklare eigeds- og bruksrett til vegkropp og veggrunn.
2. Funksjon og allmenntytte: dokumentere kva føremål vegen i hovudsak tener opp mot føresegnene.
3. Teknisk tilstand og tiltak: synfaring med punkt for dekke, grøfter, stikkrenner og bruer. Tiltaksliste før overtaking.
4. Budsjett: Kostnadsoverslag for eingongstiltak før overlevering og eventuell drift fram til overtakingsdato.

Særskilt om bruer på Slettomsvegen (3433 KV1036)

Marlosøygardbrua og Skauta bru har avdekkja manglar som må utbetrast av kommunen før overlevering. Desse skal inn i tiltakslista med spesifisert omfang, ansvar og frist. Ved behov skal tiltak byggje på siste tilsynsrapport frå bruinspeksjon.

Miljømessige konsekvensar

Saka gjeld eigeds- og forvaltningsmessig omklassifisering. Førehandstiltak som utbetring av bruer, grøfterensk, oppgrusing og stikkrenner ligg innanfor normal veghaldsverksemd. Det er inga vesentleg negativ miljøverknad utover det som følgjer av ordinært drift- og vedlikehald. Eventuelle inngrep skal gjennomførast skånsamt og etter gjeldande krav.

Vurdering

Kommunedirektøren meiner at Slettomsvegen (3433 KV1036) skal vurderast konkret etter føresegnene. Dersom vegen i hovudsak fell inn under eitt eller fleire av kriteria ovanfor, ligg det føre grunnlag for omklassifisering. For å sikre ei forsvarleg og ryddig overtaking må kommunen sørge for:

- gjennomføre høyring og synfaring med tilstandsprotokoll og tiltaksliste
- utbetre manglane på dei to bruene før overlevering
- sikre rettar i samsvar med føresegnene (veggrunn, snølagring, grøfter, tinglysing)
- ferdigstille eventuell matrikeloppdydding

Tiltak skal avgrensast til det som er nødvendig for trygg trafikk og forsvarleg overlevering.

Kommunedirektøren si tilråding

1. Skjåk kommune startar prosess for omklassifisering av Slettomsvegen (3433 KV1036) frå kommunal til privat veg, etter Veglova § 8 og kommunen sine føresegner for omklassifisering av kommunale vegar.
2. Saka blir lagt ut på høyring til eigedomar og interessentar langs Slettomsvegen, og blir publisert på kommunen si nettside.
3. Det blir gjennomført synfaring med tilstandsprotokoll, tiltaksliste og kostnadsoverslag, med særskilt punkt om utbetring av Marlosøygardbrua og Skauta bru før endeleg politisk behandling.
4. Matrikkel blir oppdatert der det trengst, og nødvendige rettar blir sikra ved tinglysing før overlevering.
5. Kommunen gjennomfører avtalte utbetringar før overtaking. Tiltak skal avgrensast til det som er nødvendig for forsvarleg overlevering og finansierast over vegbudsjettet.